

KVERNHUSNESET

Kvernhusneset bruk nr. 3 i Osvika vart utskilt som eige bruk den 19. juni 1880. Dyrkinga var starta her allereie på slutten av 1600-talet. I 1725 var det ei rettssak, der madam Langlo gjorde krav på Aasvigen med Quernhusnes, fordi ein bestefar av henne hadde vore her og rydda og dyrka.

Men som sagt, i 1880 var slekta som eig garden no på plass. Den første brukaren var Ole Martinus Osvik. Han var gift med Lovise Nilsdatter Ytterlid. Dei fekk åtte born og fem av dei vaks opp. Dei dreiv Neset i knapt eitt år då han døde i 1881, 50 år gammal. Ho døde i 1883, 52 år gammal.

Neste brukar var Ole Severin Osvik. Han vart gift med Edel Kristiansdatter Engeset i 1884. Ho kom frå Dalsbygda. Foreldra hennar var Kristian Olsen Lingås og Berte Oline Bjørstad frå Pegarden. Dei flytta til Dalsbygda og tok namnet Engeset. Ole Severin og Edel dreiv Neset storparten av tida det var drift her. Dei fekk to born. Det var Berte Lovise som reiste til USA og vart gift med Olav Nygård frå Larsnes i Vanylven, og Karoline Marie (Neskalla). Ho er mi bestemor.

Karoline gifte seg med Ole Andreas Osvik som kom frå Litlehjellen. Bryllupet stod her i Nesa den 12. februar 1910 med fedrene til brudgom og brud som forlovarar. I kyrkjeboka har brudgommen tittelen heimeværande amerikanar og brura heimeværende datter. Dei fekk to tauser (jenter). Det var Elida og Oline Margit. Den 18. mars 1910 vart Elida fødd her. Ho var fødd for tidleg og vog berre tre merker, så dei var lenge i tvil om ho ville overleve. Difor vart ho døypt her i Nesa 8. mai av lensmann Grønningsæter. Den kyrkjelege dåpen var 17. juli.

Ole Andreas og Karoline flytta så til Ørskog der dei kjøpe garden Jordskar (Jassgard). Der vart Olina Margit (Lena) fødd i 1912. Ole Andreas fekk tæring (tuberkulose) og vart svakhelsa, så dei greidde ikkje å drive garden. Då flytta dei innatt i Neset. Her døydde Ole Andreas den 20. juli 1915 berre 31 år gammal.

Mor (Elida) og tante Lena vaks opp her i Nesa i lag med mor si, besteforeldra og Anne Marta, søster til Ole Severin. Far til Edel, Kristian, har også budd her. Han flytte hit etter han hadde vorte enkemann.

Tante Lena flytta til Ålesund, der ho vart gift med Karel Johan Andreassen, mens Elida dreiv Neset i lag med mor og bestefar sin og Anne Marta. Anne Marta kom seg aldri nokon stad, for ho var heilt maroder i eine hofta. Ho hadde kanta og slege seg forderva i ungdommen, då ho var tenestetaus i Tafjorden. Ho kom seg ikkje til

doktor, og fekk li for det all sin dag. Men i vaksen alder var ho til røntgen, og då viste det seg at lårbeinet var knust. Dei kunne ikkje begripe korleis ho hadde klart seg. Så då var dei fire personar og tre generasjonar. På Ole Severin sine eldre dagar, og ein hadde bruk for kara-arbeid, gjorde mor bytearbeid. Den tida var to dagsverk med kvinnfolk-arbeid lik eitt dagsverk med kara-arbeid. Ole Severin vart 94 år gammal, og dei siste åra budde han i Fjørå.

Ved 90-års jubileet stod det ein omtale i avisa. Overskrifta var: Ein arbeidets adelsmann. Her skreiv M fyljande: "Alt husmaterial måtte berast til gards på ryggen, og like eins avlinga som skulde i hus. Det er trulig mange hundre tonn som har lege på ryggen til denne mannen, og ein skulde tru at han etter så mange års slit var krokut, men sjeldan ser ein ein rakare 90 åring, så for den skuld kunne ein tru at han hadde vore militær alle sine dagar. Det mest særmerkte med Ole Severin er alltid det ljose og gode humøret han har, og den måten han kan fortelje på, som gjer stoffet så levande for den som høyrer han. Alltid var Ole Severin "innkalla" til aktiv teneste når noko storarbeid skulde gjerast i bygda, og viljug var han som få." (Sunnmørsposten 14.12.1950)

Nede ved sjøen, på utsida av elva stod det ei sag som Nils H. Muri (1889-1911) åtte. Han fekk papir på tomta 24. mai 1886, med rett til å bruke vasskrafta i elva, og ein opplagsplass for material. Saga brann ned på slutten av 1800 talet, og eigaren gifta seg og flytta til Sykkylven. På innsida av elveosen er det også restar etter noke murar. Der sto det eit kvernhaus til ca 1870. På dei murane sette Anderas Osvik (Litlehjellen) opp ei stampe. Ho sto til først på 1900 tallet. Men båra frå Tafjord-ulykka 7. april 1934 reiste med det meste av murane, samt naust og båt.

Litt lenger oppe i råsa er det nokre husmurar. Der heite det Gunnjaplassen, eller "der nere" som det vart kalla til dagleg. På den øverste hustufta heilt opp under hammaren, var det den første busettinga i Kvernhusneset held til.

Der stod det ei lita røykstove. Her budde dei mens dei bygde her oppe. Først løa og sia stovhusa. Løa sto ferdig på slutten av 1880 åra, og stovhuset i 1891.

Bror til Ole Severin, Gunnar Osvik, sette seg opp hus på lømurane der nere kring 1893. Han var gift med Berte Olsdr. Valldal som var frå Tegå. Han var ishavsskipper og var mykje på Finnmarka på fiske om vintrane. Dei fekk 9. barn. Dei 5 første var fødd her, så då barneflokket var så stor var det vel på sin plass å vere meir heime. Det vart då kjøpt ei frakteskute, men det var mindre med oppdrag, så i 1905 flytta dei til

Abelset på Ørskog. Huset vart nedplukka, og vart med på flyttelasset. Huset stend der også i dag.

Lenger oppe går det ei rås bort til elva. Der sto kvernhuset. Det vart teke av ei vassvor i 195. Murane reiste i ei ny vassvor i 1969. Denne tok også med seg brua og bruakjera.

For dei som budde og livnærte seg her var det å utnytte dei ressursane dei hadde. Utanom handemakt, var det tyngdekrafta til løypestrengane og vasskrafta til både kvennastein og slipestein.

Dei måtte tidlig ta del i arbeidet. Mor har fortalt at ho som 6 åring vart sendt åleine på setra med ei treliters spann for å hente mjølk. Sidan ho var så lita og lett, var det hennar jobb å verte nedfira i tau for å berge geitene når dei hadde gått seg fast.

Når det gjaldt skulegang, var dei ei veke på skulen og ei veke heime. Når dei skulle på skulen i Fjørå, vart dei rodd over fjorden på søndag kveld, og vart henta at laurdag ettermiddag. Vintrane gjekk dei over på sjøisen. Då gjekk dei ofte til Osvika før dei gjekk over, for isen var tryggare lenger inne. Då låg dei vekk, og hadde med seg mat for ei veke. Det var også til Osvika dei gjekk når dei skulle hente posten.

Geit var hovednæringa i husdyrhaldet. På de meste var her 23 geit, to kyr, ein gris, tre sauer, nokre høner og to kattar. Ellers hadde dei ein del frukt. For å få nok for til dyra, vart det sleie på dei mest utenkelige plassane. Løypestrengar vart nytta til å få foret i hus. Her var 4 løypestrengar som alle enda oppmed løa. Utanom bøane her attmed husa, vart det hausta oppå Kilehamrane (i himmelsjø bak løa). Der vart det hogd mest laukjerv. Fossaslætte og Seljeslætte er attmed seterråsa (ca. halvvegs). Så var det utpå fjella og litt lenger oppe, på Hjellane.

Der var den beste steinvelte i kommunen, i fylje Ole Severin. Det ligg heilt ut på hammaren ovanfor Fjordlaksannlegget. Når ein fekk steinen utføre der, var ein kvitt han ein gong for alle. Ein gong Ole Severin skulle forberie seg til slåtten, hadde han med seg eit knippe med småljå under arma. Han skulle stad og kvesse dei. Då glei han på nokre glatte steinar inn ved elva der slipesteinen sto. Han skrella huda av leggen frå kneet og mestå ned til okla. Han drog opp att hudastykkje og feste det med hosebandet og fekk kvest ljàane. Då han kom i hus att ville han sjå på skaden og ha på band. Då besta såg resultat etter skjeivaferå sette ho i: "Kva du hæ gjort!" Då svara han Ole Severin: "Ei berga småljåane."

Ellers kunne det til tider vere vanskeleg å få tørr hoslåtten med mykje nattedogg og lite med sol. Sola er vekke mellom 10.oktober og 6. mars. Då vart graset meisa til sjøs, og rodd over fjorden til Honeset og tørka der. Når hograset var tørt var det å ro høyet heim att og bere det til gards.

Til Vikasetra er det om lag 40-50 minutt gange. Der er det tre sel. Det er Vikaselet, Osvikselet og Nesselet. Seterdrifta her i Nesa var slutt i 1947, i Osvika rundt 1950 mens i Vika setra dei til ca. 1965. Det var der oppe Elida gøymde dei seks russiske krigsfangane den siste krigsvinteren. Det var to som heitte Konstantin (I og II), Peter, Gustav, Theodor og Dimitri. Dei vart frakta over frå Sylte til Vindsneset og gjekk opp derifrå. Elida brukte nettene til å fare på setra med mat til dei, utan at ein gong mor hennar visste om det. Det var ikkje so lett å fø seks mann utan at det merkast på matbudsjettet, so dei meinte ho måtte ha gyselig til matlyst. Ellers fekk ho med seg mat frå Sylte av dei som visste om det. Då beskjeden kom den 8. mai om at krigen var slutt, kunne ho gå openlyst opp på sætra. Då ho kom nedatt med seks mann, fekk dei seg visst ein gløs her i Nesa. Då dei skulde fraktast over fjorden til Sylte, viste det seg at ingen av dei kunne ro, så mor måtte ro dei over fjorden. Dimitri og kona Marie var her på besøk sommaren 1970.

Eit av dei siste åra det var drift her i Nesa, var mor på sætra seint ein haust. Ho skulle gjere klart for vinteren. Dette var lenge etter at dyra var nedattkomne. Då syntest ho at ho såg ei kyr, og lurte fælt på kven det var som ikkje hadde fått ned att alle krøtera. Ho skulde stad og sjå, men kyra var ikkje å sjå nokon stad. Ho lurte fælt på kva ho hadde sett. Hadde ho vore overtruisk, hadde ho ikkje vore i tvil om at det var av buskapen til huldra. Nokre år seinare begynte det å verte vanlig å sjå hjort, og då skjønnte ho kva ho hadde sett.

Kvernhusneset vart fråflytta i 1947. Dei flytta då til Fjørå. Der budde dei til 1954 då Ole Severin døydde. Elias og Liv i Vika slo her fram til ca. 1960. I dag vert plassen nytta som fritidsbustad. Vedlikehaldet er stort sett førstehjelp, slik at husa ikkje ferst for mykje. Ein lyt ta det inne etter kvart. I sommar vert det kjellargolvvet som står for tur for å få vekk fukta. Det er antydninga til råteskader på golva og bjelkane i 1. etasje. Ellers skule det ha vore gjort forskjellig både med lòa, selet og naust og færing.

Storfjordstemne 10. juni 2007.

Det var ein Skjåking som heitte Ola Banken som var i her Nesa kring 1922 og braut jord. Han treivst godt her for det var så mykje god mat. Det var det i dag også, når Storfjordens Venner serverte rømmegraut.



Bildet er er teke på murkanten nedom løa kring 1932.

Frå venstre: Karoline Marie Osvik, Borgny Fylling, Oline Margit Andreasen, Ole Osvik, Elida Osvik, Ole Martinus Osvik, Anne Marta og Ole Severin Osvik.

Borgny budde her frå ho var 3 år, til ho byrja på skulen, og har teke turen over frå Sverige for å vere her i dag.

Eg vil takke Storfjordens Venner for engasjement og økonomisk bidrag til skogrydding hausten 2005 og transportstøtte for sandfrakting hausten 2007. Då dei var ferdige med skogryddinga kunne ein sjå Fjørå frå stovehusa. Det hadde eg ikkje gjort sidan eg var småstrik.

Tusen takk til Storfjordens Venner for eit minnerikt stemne.

Valldal oktober 2007

Kåre Tafjord